

## Fallet

**Om ERIK GRANT LEA**

**Aldateateret:**

[www.aldateatertet.com](http://www.aldateatertet.com)

Aldateateret er ein teaterprodusent i Sogn og Fjordane som vert leiar av dramatikaren Rolf Losnegård. Eitt av Losnegård sine kjenneteikn er formidle lokal historie på Vestlandet gjennom sine teaterproduksjonar. Siste produksjon i Hordaland var Ole Bull på Valestrandsfossen. Fleire av produksjonane har også vert vist i Bergen - sist Herr Kurz og damene 2015.

Neste prosjekt er om Erik Grant Lea (1892 – 1979) ein av Norges rikaste menn og ein myteomspunnen skikkelse som etter konkursen i 1925 enda på eit bruk på Gjølanger i Fjaler saman med si «Indiske prinsesse». I denne prosessen har vi vore i kontakt med Årstad bydel i Bergen der Lea Hall og Leaparken er i dag og vil arbeide mot ei premiere der i juni 2017.

## Ny produksjon:

Det framleis svært mange interessante historier som gøymer seg i Dalsfjordområdet. Ei av desse historiene er historia om Erik Lawrence Grant Lea (1892 – 1979) ein av Norges rikaste menn og ein myteomspunnen skikkelse som etter konkursen i 1925 enda på eit bruk på Gjølanger i Fjaler saman med si «Indiske prinsesse». Historia er også svært aktuell med tanke på dagens samfunnsutvikling.

Vi ynskjer å arbeide vidare med denne historia med mål om premiere sommaren 2017 i Bergen der det framleis er hus og park med hans namn. Vi vil også samarbeider med Hellevik Grendelag som er svært engasjerte i forhold til framtidige førestillingar på Gjølanger.

## Kort om Erik Grant Lea.

Erik Lawrence Grant Lea - fødd 15.10.1892 i Bergen, død 28.04.1979 i Fjaler – var skipsredar, bankier, assurandør og sagbrukseigar. I den såkalla jobbetida rundt 1920 var han ein av Norges rikaste menn. Nokre år etterpå stod han ribba for det aller meste av pengar og makt. Det einaste han hadde att var eit lite møllebruk ved Dalsfjorden . Erik Grant Lea var gift med Hilda Connor, ei halvt indisk kvinne frå Bangalore og mytane ville ha det til at ho var prinsesse og hadde kastemerke i panna. Skilnaden på livet i Lea Hall og Lea parken i Bergen til Gjølanger er vanskeleg å fatte.

Det store økonomiske fallet var eit dramatisk vendepunkt i Lea sitt liv og var kanskje den største konkursen i norsk historie. Den forvandla han over natta frå å vere ein av Norges rikaste og mektigaste menn til den fattige innehavaren av eit forfalle møllebruk så bortgøymt at konkursbuet oversåg det. Hans virke i Bergen er eit stykke norsk gründer- og skipsfartshistorie. I denne perioden kunne spekulantar vinne eventyrlege formuar over natta – og tape dei igjen neste natt. Lea kasta seg inn i det økonomiske spelet med stort talent, energi og vilje. Men det etablerte rederimiljøet i Bergen såg etter kvart på denne oppkomlingen som ein farleg rival, ein fiende. Rivalisering og misunning førde til ei stor konflikt som saman med dei økonomiske nedgangstidene gjorde at Lea fall frå maktens tinde og hamna i den ytterste av utkantar – Gjølanger i Dalsfjorden. Audmjuka og forneda, og så fattig at han måtte på sjøen og fiske for å skaffe mat på bordet julekvelden. Kona kokte fisken heil, ho hadde ikkje kunnskap om at den måtte sløyast først.

Leaparken og Lea Hall eksisterer også i dag og vårhanen der det er inngravert EGL snur seg framleis etter vinden i Bergen.

Sjå også:

<http://www.allkunne.no/framside/fylkesleksikon/samfunn/industri-naring-og-bedrifter/den-fallerte-storreiaren-i-gjolanger/1900/82789/>

[https://no.wikipedia.org/wiki/Erik\\_Grant\\_Lea](https://no.wikipedia.org/wiki/Erik_Grant_Lea)

**Forprosjekt:**

Det er framleis tydelege spor etter Erik Grant Lea både i Bergen og på Gjølanger. Dette er også ein person som fleire har fatta interesse for også i nyare tid - som Dagens Næringsliv , Bergens Tidende m fl. Norvald Tveit har også skrive ei bok denne historia « Frå gull til grøne skogar» Boka vekte stor interesse når den vart gitt ut i 1979.

I forprosjektet vil vi:

1. Research for få finne ut meir om denne mannen og historia hans som for eksempel.
  - Kven var denne myteomspunne mannen?
  - Kva låg bak hans eksplorative energi og verketrong?
  - Kva skjedde dei dramatiske døgna då Lea spelte eit høgt spel mot dei gamle rederfamiliane i Bergen og tapte alt?
  - Greidde Lea å reise seg igjen etter det store fallet?
  - Korleis står livet til denne mannen i forhold til oljealderens Norge?
  
2. Organisering, plan, finansiering, nettverksarbeid, marknadsføring m.m..
  - Plan – forprosjekt og organisering
  - Kartlegge samarbeidspartar og event co produsentar - Bergen
  - Intensjonsavtalar – om samarbeid og kunstnarisk medverknad
  - Plan hovudprosjekt
  - Finansiering hovudprosjekt

Sjå elles vedlagde framdriftsplan der vi også har laga ei enkel skisse for hovudprosjekt.

**Ansvarleg forprosjekt:**

Arbeidet vert leia av Aldateateret v/ Rolf Losnegård og produsent Ingrid Hansen.